

INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Postboks 4404 Bedriftssenteret
2325 HAMAR

Vår ref
2023/1025-6

Dykkar ref

Saksbehandlar
Anne Silje Berg

Dato
28.08.2024

Lom kommune si uttale til høyring av Innlandsstrategien 2024-2028

Formannskapet i Lom vedtok i møte 27.8.2024, PS 62/2024, følgjande uttale til høyringa av Innlandsstrategien 2024-2028:

Innlandet fylkeskommune må sjå si rolle som regional utviklingsaktør, og fokusere på heilheitleg samfunnsplanlegging, særleg i store saker som t.d. skulestruktur.

Lom kommune vil påpeke at moglegheiter for grønn vekst eksisterar i heile fylket. Næringsliv, klyngar og forskningsmiljø kan, og bør, få moglegheitar til å utviklast også i kommuner i sentralitetsklasse 5 og 6. For å utvikle eit framtidretta næringsliv i heile fylket så bør samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og næringslivet fordelast bedre geografisk.

Elles syner Lom kommune til uttale frå Interkommunalt råd i Nord-Gudbrandsdal av 14.6.2024, og stiller seg bak denne som uttale til Innlandsstrategien.

Saksframlegg med protokoll er vedlagt.

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur.

Med helsing

Anne Silje Berg
Tenesteleiar
Plan, byggesak og miljø

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Høyring av Innlandsstrategien 2024-2028 - Lom kommune si uttale

Arkivsak: 2023/1025-5

Arkiv:

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

Dato: 16.08.2024

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/62	27.08.2024	Formannskapet

Høring av Innlandsstrategien 2024-2028 - Lom kommune si uttale

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Innlandsstrategien 2024-2028 Høyringsuttale frå Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

Innstilling frå kommunedirektøren

Formannskapet i Lom syner til uttale frå Interkommunalt råd i Nord-Gudbrandsdal av 14.6.2024, og stiller seg bak denne som uttale til Innlandsstrategien.

Saksprotokoll i Formannskapet 27.08.2024:

Behandling

Saka vart drøfta.

Tilleggsforslag frå Senterpartiet:

«Lom kommune vil påpeke at moglegheiter for grønn vekst eksisterar i heile fylket. Næringsliv, klyngar og forskningsmiljø kan, og bør, få moglegheitar til å utviklast også i kommuner i sentralitetsklasse 5 og 6. For å utvikle eit framtidretta næringsliv i heile fylket så bør samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og næringslivet fordelast bedre geografisk.»

Samrøystes vedteke

Tilleggsforslag frå Lomslista:

Innlandet fylkeskommune må sjå si rolle som regional utviklingsaktør, og fokusere på heilheitleg samfunnsplanlegging, særleg i store saker som t.d. skulestruktur.

Samrøystes vedteke

Forslag til vedtak:

Innlandet fylkeskommune må sjå si rolle som regional utviklingsaktør, og fokusere på heilheitleg samfunnsplanlegging, særleg i store saker som t.d. skulestruktur.

Lom kommune vil påpeke at moglegheiter for grønn vekst eksisterar i heile fylket. Næringsliv, klyngar og forskningsmiljø kan, og bør, få moglegheitar til å utviklast også i kommuner i sentralitetsklasse 5 og 6. For å utvikle eit framtidretta næringsliv i heile fylket så bør samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og næringslivet fordelast bedre geografisk.

Elles syner Lom kommune til uttale frå Interkommunalt råd i Nord-Gudbrandsdal av 14.6.2024, og stiller seg bak denne som uttale til Innlandsstrategien.

Innstilling frå kommunedirektøren med tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Innlandet fylkeskommune må sjå si rolle som regional utviklingsaktør, og fokusere på heilheitleg samfunnsplanlegging, særleg i store saker som t.d. skulestruktur.

Lom kommune vil påpeke at moglegheiter for grønn vekst eksisterar i heile fylket. Næringsliv, klyngar og forskningsmiljø kan, og bør, få moglegheitar til å utviklast også i kommuner i sentralitetsklasse 5 og 6. For å utvikle eit framtidretta næringsliv i heile fylket så bør samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og næringslivet fordelast bedre geografisk.

Elles syner Lom kommune til uttale frå Interkommunalt råd i Nord-Gudbrandsdal av 14.6.2024, og stiller seg bak denne som uttale til Innlandsstrategien.

Saksutgreiing

Innlandsstrategien er Innlandet fylke sin planstrategi. Den skal gjere greie for regionale utviklingstrekk og utfordringar i fylket, vurdere utviklingsmoglegheiter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva tema som skal takast opp i vidare regional planlegging.

Innlandsstrategien kan lesast i sin heilskap på Innlandet fylkeskommune sine nettsider.

Utdrag frå strategien:

Innlandsstrategien skal peke retning inn i fremtiden.

Vårt felles prosjekt er å bygge Innlandet. Innlandsstrategien er Innlandets svar på nasjonale forventninger om hvordan vi skal møte fremtidens utfordringer og realisere våre muligheter. Her ser vi utfordringer og muligheter på tvers av kommunegrensar, forvaltningsnivåer og sektorer.

Innlandsstrategien legger FNs 17 bærekraftsmål til grunn og bygger på et bredt kunnskapsgrunnlag som beskriver status i Innlandet. Dette er blitt til gjennom en bred og åpen medvirkningsprosess.

Ved utarbeidinga av planstrategien har det vore medverknadskonferansar og dialogmøte, og fylkeskommunen opplyser om at engasjementet har vore stort.

Visjon og langsiktige utviklingsmål er dei same som i gjeldande planstrategi. Strategien er delt i fire satsingsområde, som er vidareført frå gjeldande planstrategi: Innbyggjarar, inkludering, innovasjon og infrastruktur. Inn under desse er det omtala mange tema som er relevante både på eit regionalt nivå og sjølvstøtt for kommunane. For å realisere moglegheitene i Innlandet er det sett tre overordna utviklingsmål:

- Berekraftig ressursforvaltning som gjev utvikling og nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstadar og bygder
- At aktørar i fylket får større nasjonal betydning og synlegheit

Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal vedtok høyringsuttale i møte 14.6.2024. Uttala er vedlagt denne saka. Regionrådet har lista opp følgjande punkt dei ber fylkeskommunen om å ha eit særskild fokus på:

- Sette konkrete mål og iverksette offensive tiltak for å bistå med å bremse den negative befolkningsutviklinga i den nordlege delen av Innlandet.
- Styrke næringslivet og skape nye arbeidsplassar.
- Bistå med tiltak for å styrke attraktiviteten og boligutviklinga i regionen.
- Auka satsing på desentralisering av offentlege arbeidsplassar, herunder fylkeskommunal tenesteyting og administrasjon.
- Ta ei aktiv rolle i å følgje opp strategien for fleksibel og desentralisert høgare utdanning, særskilt innan profesjonsutdanningar som sjukepleiar, vernepleiar og lærarar.
- Opplæringstilbod tilpassa næringslivets behov. Etablere ein aksept og forståing av viktigheita av breiast mogleg tilbodsvidde på vidaregåande nivå i ein region med lange avstandar.
- Bidra til å styrke innovasjonsprosjekt for både offentleg og privat sektor.
- Fokus på økt lokal foredling av naturgitte råvarer, klimavenleg innovasjon i næringslivet og fokus på Innlandet som berekraftig reisemål bør vektleggast i Innlandsstrategien.
- Aktiv motkonjunkturpolitikk, spesielt retta inn mot infrastruktur og samfunnskritiske funksjonar.
- Prioritere E6, RV15, E136, Dovrebanen og Raumabanen i nasjonal samanheng.
- Styrke knutepunktutvikling og betre kollektivtilbodet i distrikta, inklusiv utredning av moglegheitene for elflytrafikk og dronebruk.
- Samhandling på tvers av kommunegrensene for å styrke den samla regionale beredskapen, både førebyggjande og operativt.

- Tiltak for å sikre at flyktningar blir varig busette i regionen.
- Vidareføre skreddarsydde tiltak i regionen etter at prosjektperioden for "Styrk Sel" er avslutta.
- FOU-prosjekt med fylkeskommunen, kommunane, næringsliv og akademia som partnarar.
- Samarbeid med fylkeskommunen om Innolab.

Vurdering

Satsingsområda som Innlandsstrategien 2024-2028 er bygd opp kring synest å dekke godt dei utfordringane vi står overfor, både regionalt og lokalt, og planbehovet som er skissert vil truleg møte desse utfordringane. Medverknadsprosessen følgjer opp det gode medverknadsarbeidet fylkeskommunen etter kvart legg opp til og som vi også har sett i utarbeidinga av dei tre regionale planane for inkludering, samfunnstryggleik og klima, energi og miljø. Gode medverknadsprosessar knyter fylkeskommunen og kommunane tettare saman og gjer det fylkeskommunale meir kjent og relevant for den kommunale oppgåveløysinga.

Vidaregåande skulestruktur, næringsutvikling, folketalsnedgang og bustadutvikling står fram som sentrale fokusområde for Lom i tida vi er i, og uttala frå regionrådet dekker godt kommunen sine innspel til den regionale planstrategien.